

Eldreuniversitetet

Folkesong – ein del av språket vårt, er tittelen på kåseriet som Oline Løvlid skal ha i møtet til Eldreuniversitetet komande måndag. Oline Løvlid er honn-dølen som er tradisjonsbera-ren innen folkemusikk og folkesong i Sogn og Fjordane.

Løvlid har gjort mykje for å bere dei gamle songtradisjona-

ne i Hornindal vidare. Ho har gjort eit stort samlararbeid av lokal folkemusikk og folkemin-ne. Oline Løvlid har undervist i kveding i regi av Folkeakade-miet. Løvlid fekk gitt ut plata «Fortal» der 67 kvedarar frå Hornindal tok del. Ho er tildelt Sogn og Fjordane sin folkemusikkpris i 1998 og pos-

tens kulturpris i 2006.

Det vert elles årsmøte i EUV på dette møtet.

Geir Grimstad

Rådhus i tre etasjar

Ein geoteknisk rapport for grunntilhøva ved Volda rådhus viser at det nye rådhuset kan byggjast i tre etasjar ifølgje avisa Møre. Kommunestyret i Volda har vedteke at det skal byggjast tre etasjar om grun-nen toler det. Den brannskadde delen av rådhuset er no riven, og berre underetasjen, som skal nyttast, står att.



Nytt rådhus: Rivinga av den brannskadde delen av Volda rådhus er ferdig. arkivfoto



For få kirurgar: Adm. direktør Astrid Eidsvik i Helse Møre og Romsdal seier at det ikkje er nok kirurgar ved Volda sjukehus til å sikre ei robust og berekraftig vaktordning for framtida. ARKIVFOTO

– Ikkje nok kirurgar til ei robust vaktordning

Adm. direktør Astrid Eidsvik i Helse Møre og Romsdal seier at det ikkje er aktuelt å auke talet på kirurgar ved Volda sjukehus.

● **Joachim Kroken Åsebø**
joachim@morenytt.no

Samarbeidsorganet for nattlegevakta i Volda meiner det er svært uheldig at ein ikkje får nytte beredskapen for blautdelskirurgi ved Volda sjukehus i helgane, og har oppmoda på det sterkaste at styret i Helse Møre og Romsdal gjenopnar tilbodet snarast råd.

Adm. direktør Astrid Eidsvik påpeiker at det i juni 2010 vart gjort vedtak om å legge ned ki-

rurgisk akuttberedskap ved Volda sjukehus, og viser til at nattlegeordninga er ei interkommunale nattlegevakt.

– Realitetane bak kirurgvaktordninga ved Volda sjukehus er at sjukehuset ikkje har nok kirurgar til å sikre ei robust og berekraftig vaktordning for framtida. Dette går altså på tilgjengeleg tal på kirurgar, ikkje på kompetansen til dei fast tilsette kirurgane ved sjukehuset. Av både faglege og økonomiske grunnar er det ikkje aktuelt å auke talet på kirurgar ved sjukehuset. Derfor har helseføretaket sett seg nøydd til å redusere talet på vaktdagar for kirurgane ved Volda sjukehus og innføre eit vakt samarbeid med Ålesund sjukehus.

– Bruk dei pårørande

– Det er ikkje noko utval eller råd i Ørsta i dag som tek med seg dei daglege utfordringane til pårørande til psykisk sjuke inn i det politiske miljøet, kommenterer Sven Castberg (H).

Han er sjølv leiar for Levekårsutvalet i kommunen, og fortalde på pårørandemøtet på rådhuset onsdag at dei har gode erfaringar med å invitere ulike lag og organisasjonar inn for å diskutere mulegheiter og arenaer for å kome vidare med ulike saker.

– Det er noko vi absolutt kan og bør gjere her også.

Petter Bjørdal (Ap) meiner at Ørsta har fått til mykje, og viser mellom anna til bygginga av Viketunet.

– Eit kjempeløft for ein kommune med 10.000 innbyggjarar, men vi kan få til meir brukarmedverknad. Det er forskjell på å vere pårørande mor eller kone og pårørande barn. Men Ørsta har eit godt utgangspunkt for å utvikle oss vidare.

Vil gi ei stemme

Samhandling er ikkje mogleg dersom dei pårørande og brukarane berre vert om snakka og ikkje aktivt får ta del i samtalen.

● **Janne-Marit M. Falch**
janne@morenytt.no

Landsstyreleiar i LPP, Anne-Grethe Terjesen besøkte Ørsta tysdag. Der gav ho ei kjapp innføring i kva samhandlingsreforma har å seie for dei som er psykisk sjuke og deira pårørande.

– Det vert lagt ned ei mengde sengeplassar og døgnplassar i psykiatrien, og med det forsvinn også stemma til dei pårørande.

Vanskeleg samhandling

Terjesen seier at tidlegare var dei pårørande på institusjonane, der også brukarane er. Når institusjonane er vekke, er heller ikkje dei pårørande like synlege.

– 50 prosent av omsorga vert utført av dei pårørande, og dei er ein uunnverleg ressurs. Dei er under stor påkjenning, og har dårlegare helse enn befolkninga elles.

Ho seier at samhandlingsreforma har ein enkel strategi der det handlar om å samhandle meir, men at dette er vanskeleg i praksis.

– Mange pårørande kjenner seg svikta og overlatne til seg sjølve.



Godt oppmøte: Både lokalpolitikarar, legar, pårørande og andre interesserte møtte fram til pårørandemøtet på Ørsta rådhus tysdag.

LPP

● Landsforeininga for Pårørande innan Psykisk helse

● Den einaste pårørandeorganisasjonen innan psykisk helse

● 31 lokallag

● 2.700 medlemmer

● Pårørande vert sett på som ein uunnverleg ressurs, og står for 50 prosent av omsorga for psykisk sjuke

Viketunet

Terjesen fekk før på dag omvising på Viketunet, der det er 16 nye psykiatribustader. Ho ro-sar initiativet.

– Der var ei stove som heitte «Møteplassen», og den må de bruke aktivt. At pårørande,

brukarar og andre kan møtast aktivt er svært viktig for å lyk-kast, for du lykkast ikkje med samhandling om du berre snakkar på vegner av brukarar og pårørande.

Lærte ei lekse

Å involvere dei pårørande i be-handlinga av psykisk sjuke har ifølgje Terjesen vist seg å redu-sere tilbakefall, gitt færre symptom, betra den sosiale funksjonen og auka meistringa og kjensla av å vere tilfreds.

Ordførar Rune Hovde kunne etter møtet slå fast at han had-de lært noko viktig.

– For det første har eg forstått kor viktig rolla til dei pårørande er. For det andre handlar det om samhandling. Her er ei gruppe som skrik etter å verte høyrte, og som har mista sine møteplassar. Vi må sjå på korleis vi greier å gi dei ei stemme, slik at vi kan bruke dei på rett måte.



Helsefolk: Kommuneoverlege for Ørsta/Volda, Arne Gotteberg og seksjonsleiar Knut Åmås.

Vil ha kommunepsykolog

● **Janne-Marit M. Falch**
janne@morenytt.no

Kommuneoverlege for Ørsta og Volda, Arne Gotteberg, seier at det er ei dramatisk utfordring å få behalde kommune-psykologen i Ørsta og Volda.

– Vi kjempar for å halde på stillinga vi fekk, og vi meiner det er viktig å få det til.

Kommunane fekk først 500.000 frå helsedirektoratet for å opprette stillinga, men tilskotet har minska for kvart

år, og er no nede i 200.000 kroner. Det er ikkje nok for å halde oppe stillinga.

–Vi har drive så godt vi kan med å få stabla på beina ei sak for å finne finansiering.

Gotteberg seier at dei har valt å halde fokus på barnefamiliar, barn og ungdom for kommunepsykologen.

– Vi trur førebyggingspoten-sialet er stort her. Vi klarer ikkje å bite over alt, men må satse ein stad, seier Gotteberg.